Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 14.11.2023
Vår ref: 2023/4692
Dykkar dato: 21.03.2023
Dykkar ref:

WERGELAND EIGEDOM AS
Sløvåg
5960 DALSØYRA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Vedtak om utsleppsløyve for Wergeland Eigedom AS

Statsforvaltaren i Vestland gjev Wergeland Eigedom AS løyve etter forureiningslova. Løyvet gjeld forureining frå reingjering av utstyr frå offshorenæringa.

Løyvet er gitt på vilkår med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet med vilkår ligg vedlagt. Vedtaket kan klagast på av partane som er involverte i saka, eller andre med rettsleg klageinteresse, innan tre veker.

Vi viser til søknad av 21. mars 2023 og tilleggsopplysingar av 11. juni 2023 om løyve etter forureiningslova for utslepp av oljehaldig prosessavløpsvatn frå oljeutskiljar. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gjev Wergeland Eigedom AS løyve etter forureiningslova. Løyvet gjeld utslepp av oljehaldig prosessavløpsvatn frå reingjering av moringsutstyr frå offshorenæringa. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova, jf. §§ 11 og 16.

Wergeland Eigedom AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Vi viser til varsel om gebyr datert 15. august 2023. Gebyret er fastsett til 37 400 kr. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Krav	Frist	Punkt i løyvet
Utarbeide internkontroll og miljørisikovurdering for anlegget	31. januar 2024	2.7
Sende inn måleprogram for utsleppskontroll	1. juni 2024	11.4
Utgreiing av punktutslepp til vatn	1. juni 2024	3.1.1
Utarbeide overvakingsprogram	1. juni 2024	12.2

2 Kort om bakgrunnen for saka

Wergeland Eigedom AS skal etablere nytt næringsbygg i Halsvika i Gulen kommune. Næringsbygget skal nyttast til vedlikehald, lagring og reparasjon av moringsutstyr frå offshorenæringa. Reinsing av utstyret skjer i lukka system, og berre areal for grovspyling/skylling vil ha avløp til oljeutskiljar.

Avløp frå reingjeringa skal koplast på eksisterande oljeutskiljar og utsleppleidning på området. Resipienten for utsleppet er Fensfjorden.



Figur 1: Eksisterande utsleppsleidning og utsleppspunkt utanfor Båneset.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36
EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at verksemder med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstiller tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Når det skal avgjerast om det skal gjevast løyve, og vilkåra etter forureiningslova § 16 skal bli fastsett, skal dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket bli vektlagt, saman med fordeler og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Vi har òg vurdert om forureininga er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningsliner i §§ 1 og 2.

Etter naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i lovens §§ 8 til 12 også leggast til grunn som retningslinjer for Statsforvaltaren si vurdering av søknad om løyve etter forureiningslova § 11. Dei miljørettslege prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlaget, «føre-var-tilnærming», samla belasting, miljøforsvarlege teknikkar, og at eventuelle kostnadar for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet skal dekkast av tiltakshavar. Tiltak som medfører fare for forureining av vatn skal òg vurderast etter vassforskrifta §§ 4 til 6, kor formålet er å beskytte, og om naudsynt, betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område.

3.1.1 Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i lovens §§ 8 til 12 også leggast til grunn som retningslinjer for Statsforvaltaren si vurdering av søknad om løyve etter forureiningslova § 11. Dei miljørettslege prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlaget, «føre-var-tilnærming», samla belasting, miljøforsvarlege teknikkar, og at eventuelle kostnadar for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet skal dekkast av tiltakshavar.

Til grunn for vår vurdering har vi brukt rapport frå Norconsult, gjort søk i databasane Artskart[1], Naturbase[2] og den norske raudlista for arter frå 2021. Dei registrerte naturverdiane som blei funne var naturtypen «Større tareforekomster/Tareskog med kun storttare» som er registrert aust for utsleppet.

Elles er det ikkje registrert fiskeinteresser ved eller i nærheita av utsleppet.

[1] http://artskart.artsdatabanken.no
[2] http://kart.naturbase.no

Vurdering
Statsforvaltaren vurderer at saka er godt utgreidd og dokumentert. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at vurderinga i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Vi ser på kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg.

Sjølv om kunnskapsgrunnlaget er oppfylt ved at eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er innhenta, kan føre-var-prinsippet vere relevant for å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. Det er difor sett krav i løyvet om at verksemda skal kontrollere utsleppa sine ved prøvetaking og analysering. Om det viser seg at påverknaden frå verksemda blir for høg, eller at utsleppa blir til sjenanse og skaper problem for miljø og organismar, skal verksemda gjennomføre tiltak. Gjennom vilkåra som er sett i løyvet, er føre-var-prinsippet ivaretatt.

3.1.2 Vurdering etter vassforskrifta
I vassforskrifta § 4 står det at tilstanden i overflatevatn skal beskyttast mot forringing, skal forbetrast og på sikt rettast opp med sikte på at vassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ny aktivitet og inngrep skal ikkje medføra forringing eller gjere det vanskeleg å oppnå miljømåla.

Resipienten
Resipient for utsleppspunktet er Fensfjorden (ID: 0261040101-11-C). Ifølgje Vann-nett[3]er vassførekomsten ein del av Ytre Sogn- og Nordhordland vassområde, og har kategori kystvann. Den økologiske tilstanden er oppgitt som god, medan den kjemiske tilstanden er dårleg.

Det er utført fleire resipientundersøkingar i Fensfjorden, og det er oppgitt at fjorden er påverka i liten grad av diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett og punktutslepp frå industri. Den kjemiske tilstanden er registrert som dårleg grunna funn av antracen, benzoperylen, PFOS, indenopyren og kvikksølv. For høge verdiar av desse kjemiske stoffa kjem truleg frå historisk industriaktivitet.

Vurdering
Ut i frå sannsynlege lave utsleppskonsentrasjonar og god vassutskifting i fjorden, samt vilkåra til prøvetaking i løyvet, vurderer vi at utsleppet ikkje vil forringe vassførekomsten eller gjere det vanskeleg å oppnå miljømåla i vassforskrifta.

Konklusjon
Statsforvaltaren har konkludert med at verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningsliner i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved verksemda samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gjev vi løyve til Wergeland Eigedom AS på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav
3.2.1 Utgreiing av punktutslepp til vatn (punkt 3.1.1 i løyvet)
Bedriftas utslepp kan innehalde ein mindre del av nasjonalt prioriterte miljøgifter. Vi har ikkje grunnlag for å gi grenseverdiar for slike stoff på noverande tidspunkt, men ut ifrå kjennskap til liknande anlegg kan vi anta at dei vil vere av mindre miljømessig betyding. Vi setter difor ikkje spesifikke utsleppsgrenser for desse stoffa per no. Utsleppet skal derimot prøvetakast for eit utval miljøgifter og

[3] https://vann-nett.no

resultata skal sendast til Statsforvaltaren innan **1. juni 2024**. Ein meir presis og eventuelt strengare regulering vil kunne bli gjort med grunnlag i målte/berekna verdiar.

Målingane skal bli utført ved vanleg drift slik at dei blir representative for utsleppa til verksemda.

3.2.2 Støy (punkt 7 i løyvet)

Det er ikkje sett krav til støykartlegging. Det er ein potensiell fare for at støyulemper kan oppstå i omgjevnadene i form av spyling eller liknande. Støygrensene er difor lagt inn for at verksemda i tilfelle skal ha klare grenser for støyande aktivitetar.

3.2.3 Måleprogram for utsleppskontroll (punkt 11.4 i løyvet)

Wergeland Eigedom AS må utarbeide eit måleprogram som sikrar dokumentasjon av alle utsleppsparametre i utsleppa, som kan påverke miljøforholda Fensfjorden. Sjå også punkt 11.1 om kartlegging av utslepp og 11.2 om utsleppskontroll.

3.2.4 Overvaking etter vassforskrifta (punkt 12.2 i løyvet)

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar av overflatevatn skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027. Når det gis utsleppsløyve med heimel i forureiningslova, krev vassforskrifta at det skal gjennomførast overvaking i dei aktuelle vassførekomstane, jf. punkt 12.2 i løyvet. På bakgrunn av overvakinga skal effekten av utsleppa på plante- og dyresamfunn og dei kjemiske forholda i vassførekomsten vurderast. Ein eventuell påverknad på økosystemet i Fensfjorden vil dermed kunne bli fanga opp.

Resultata av overvakinga vil danne grunnlag for å vurdere effektane av utsleppet og eventuelle behov for utsleppsreduserande tiltak. Overvakinga skal vere i tråd med vassforskrifta og skal utførast av fagleg kyndig konsulent. Utsleppa kan påverke økologisk tilstand i vassførekomsten, så verksemda må overvake korleis utsleppa påverkar økologisk tilstand.

4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om løyve til forureining.

4.1 Korrespondanse

Korrespondanse i saka er lista opp under:

- Søknad datert 21.mars 2023
- Tilleggsinformasjon sendt inn 11. juni 2023
- Orientering om saksbehandling og varsel om gebyr 15. august 2023

4.2 Førehandsvarsel og fråsegner

Saka er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Søknaden blei kunngjort i Avisa Nordhordland og på nettsidene til Statsforvaltaren i Vestland. Aktuelle grunneigarar blei også førehandsvarsla direkte. Frist for å gi fråsegn var 15. september 2023. Gulen kommune fekk forlenga frist til 25. september 2023.

Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av fråsegna og verksemda sine kommentarar/merknader til desse.

Statsforvaltaren har vurdert fråsegna og verksemda sine kommentarar ved behandlinga av søknaden.

4.2.1 Fråsegn

Fråsegn gitt 11. september 2023 frå Arild Utaker og Snorre Bang Utaker

I fråsegna er dei sterkt kritisk til utsleppsløyve, då det allereie finns fleire bedrifter med løyve til forureining på begge sider av Fensfjorden. Dei meiner ein må kartlegge alle bedrifter som forureinar fjorden og kor mye kvar av desse verksemder forureinar. Problemet er summen av forureining. Dei er svært bekymra for kvaliteten på fisk og skaldyr frå Halsvika og Fensfjorden, og ynskjer ikkje at fjorden skal bli ytterlegare forureina. Dei trekk fram vurderinga av resipienten frå søknaden, kor det blir opplyst at den kjemiske tilstanda i Fensfjorden er dårleg. Vurderinga ble gjort i 2015, og dei påpeikar på at det er på tide med ein ny vurdering.

Fråsegn gitt 11. september 2023 frå Bent Unneland

Bent Unneland ynskjer ein uhilda rapport om tilstanden om miljøforureinande utslepp i Fensfjorden frå verksemdene i Sløvågen. Rapporten bør innehalde kva forureininga gjer og har gjort med livet i havet, hamner og viker i området. Slik det er i dag opplev dei oljesøl og skittent vatn som dei meiner kjem ifrå aktivitetane i Sløvågen. Det blir og nemnt at det allereie er mykje støy og støvproblema med tiltakshavar Wergeland Eigedom AS på området.

Elles ynskjer dei forureiningsmyndigheita er på banen med systematiske og grundige undersøkingar som kan gi innsyn i tilstanda i området, og at rapporter frå industriområdet skal vere offentleg tilgjengeleg.

Fråsegn gitt 12. september 2023 frå Gunn Halsvik Eriksen og Arne Eriksen

Gunn Halsvik Eriksen og Arne Eriksen stiller spørsmål til kven som skal kontrollere mengda og forureining av avløpsvatnet som kjem ifrå anlegget, og lurer på om det er nøytral kontroll eller eigenkontroll med varsla stikkprøver.

Området rundt utsleppspunktet er blitt meir og meir øde. Området er avgrensa grunna ein fjellrygg som går frå Islendingsholmen fyr og strekk seg eit godt stykke ut mot Sande, med varierande djupne ca. 100-150 m frå land der utsleppet kjem ut. Djupna på ryggen er ca. 30 m rundt 100 m utfor avløpet. Botn mot land er ganske flat og varierer frå ca. 20 – 50 m. Båneshola var ein kjent og god torskeplass rett utanfor land. I dag er den borte. Botn mellom land og ryggen blir då som ein dal og oppsamlingsplass for tyngre stoff som blir sloppe ut. Det må bli tatt nye prøver av botn rundt avløpet. Det forundrar han ikkje om området viser seg å vere ganske daudt allereie. Økt utslepp vil ikkje gjere det betre. Dei presiserer at det ikkje må gis løyve på bakgrunn av at det allereie er utslepp frå dette industriområdet, utan at det blir tatt skikkelege prøver av nøytral part.

Dei som brukar området rundt industrien er blitt ført lenger og lenger bort grunna utslepp, støv, og støy. Området har kome tettare på busetnaden og det merkast kraftig. Utsleppa som kjem ifrå industrien i Sløvåg gjer at dei føler usikkerheit med tanke på å fiske og ete sjømat ifrå området. Dei håper at avgjersla i saka vil sikre folk og miljøet rundt industrien, og ikkje berre tenkje på kva som er best for Wergeland Eigedom AS.

Fråsegn gitt 25. september frå Gulen kommune

Gulen kommune skriv at området der tiltaket er planlagt er regulert av detaljplan Gulen industrihamn med plan ID 2013003 og Halsvik Spolebase industriområde med plan ID 2013001. Begge planar opnar

for bygg og tiltak knytt til industri og næringsverksemd, og det planlagde tiltaket er difor i tråd med gjeldande plan.

Heile området der tiltaket er planlagt, er innanfor foreslått plangrense for ei planendring for reguleringsplanane i området der planinitiativet har vore på høyring.

4.2.2 Wergeland Eigedom AS sine kommentarar til fråsegna
Fråsegna frå naboane har fleire fellestrekk og blir difor kommentert samla.

Samla omfang
Innvendingar til søknaden i fråsegna går i stor grad på samla omfang av tidlegare og eksisterande utslepp frå andre tiltak og verksemder i området. Fråsegna går og på støv/støy problematikk frå en annan verksemd i området.

Det er forståing for at naboane her kan ha innvendingar til det samla omfanget av støy, utslepp og liknande i området. Dette blir behandla og følgd opp i andre saker, men det omsøkte utsleppet i denne saka vil ha liten innverknad på det samla omfanget her.

Området har vert utvikla gjennom fleire reguleringsplanar og planprosessar, som gir anledning til ein overordna, samla vurdering av omfanget ved regulert verksemd. Det er og pågåande planprosessar her, som gjer anledning til vidare utgreiingar, avklaringar, prøvetaking mm., med tanke på den samla, overordna utbygginga og drifta av området. Her vil det vere høyringsprosessar, med anledning til innspel og fråsegn frå råka naboeigedommar og offentlege organ.

Dokumentasjon
Det blir spurd om ytterlegare dokumentasjon og prøvetaking i samband med søknaden. Dette baserer seg og i stor grad på ynskje om ein vurdering/utgreiing for samla utslepp ved utbygging og drift i området og prøvetaking med tanke på historisk forureining.

Dette kan vere aktuelt i overordna planarbeid og planprosessar, men som lite relevant i denne konkrete søknaden. Det vises til innsendt dokumentasjon i søknaden for resipient og utslepp. Aktuelle tiltak for prøvetaking av avløpsvatn, alarm for måling av oljenivå, mm. vil utførast i samsvar med krav og forskrift.

Tare
I fråsegn frå Arild Utaker og Snorre Bang Utaker nemnes spesifikt registrerte tareførekomstar aust for utsleppet. Det blir og vist til eit innlegg på Havforskingsinstituttets heimesider, om tareskogens emne til å binde karbon.

Tareførekomsten her er registrert som ein ytterleggåande del av ein større tareskog, sentrert rundt Getarøyna, lenger mot søraust. Registrert tareførekomst går fram av innsendt dokumentasjon for resipient og utslepp blir ikkje kommentert nærmare utover dette.

5 Klagerett

Wergeland Eigedom AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1	Løyvets vilkår

Kopi til:

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova for Wergeland Eigedom AS

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Bedrifta bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.[1]

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Bedrift	Wergeland Eigedom AS
Postadresse for bedrifta	5960 Dalsøyra
Org. nummer (bedrift)	898 111 032 tilhøyrar 981 912 047
Næringskode og bransje	33.120 Reparasjon av maskiner
Kategori for verksemda [2] / Type verksemd	6.11 Uavhengig drifta behandling av avløpsvatn som ikkje dekkes av direkte 91/271/EØF med utslepp frå eit anlegg dekket av kapittel II
Stad/gateadresse	Sløvåg
Kommune og fylke	Gulen kommune i Vestland fylke
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 287348, nord: 675031
Gards- og bruksnummer	Gnr. 63, bnr. 47 og bnr. 15

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Saksnummer:
2023.0935.T	4635.0123.01	2023/4692

Løyve gitt første gong: 14.11.2023	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar		Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

[1] I dette dokumentet blir ordet "verksemd" brukt om den produksjon eller aktivitet som blir drive og som løyvet gjeld. Ordet "bedrift" blir brukt om den juridiske eininga som er ansvarleg for å halde plikter og avgrensingar (vilkår) i løyvet til verksemda, den som må søke om eventuelle endringar, som leverer avfall osv. Ordbruken er søkt gjennomført så konsekvent som mogleg i dokumentet.

[2] Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 4
2 Generelle vilkår 5
2.1 Utsleppsavgrensingar 5
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 5
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 5
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 5
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 6
2.7 Internkontroll 6
3 Utslepp til vatn 6
3.1 Utsleppsavgrensingar 6
3.1.2 Diffuse utslepp 7
3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak 7
3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp 7
3.3 Kjølevatn 7
3.4 Sanitæravløpsvatn 7
3.5 Mudring 7
4 Utslepp til luft 8
5 Grunnforureining og forureina sediment 8
6 Kjemikal 8
7 Støy 9
8 Energi 9
8.1 Energileiing 9
8.2 Utnytting av overskotsenergi 9
9 Avfall 10
9.1 Generelle krav 10
10 Deponi for eige avfall 10
11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 10
11.1 Kartlegging av utslepp 10
11.2 Utsleppskontroll 10
11.3 Kvalitetssikring av målingane 11
11.4 Program for utsleppskontroll 11
11.5 Rapportering til Statsforvaltaren 12
12 Miljøovervaking 12

12.1 Overvaking av resipienten 12
12.2 Overvaking etter vassforskrifta 12
13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 13
13.1 Miljørisikoanalyse 13
13.2 Førebyggjande tiltak 13
13.3 Beredskap 13
13.3.1 Beredskapsanalyse 13
13.3.2 Beredskapsetablering 13
13.3.3 Beredskapsplan 14
13.3.4 Øving av beredskap 14
13.4 Varsling av akutt forureining 14
14 Undersøkingar og utgreiingar 14
14.1 Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter 14
15 Eigarskifte, omdanning mv. 14
16 Nedlegging 14
17 Tilsyn 15
Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter 16

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå reingjering av moringsutstyr frå offshorenæringa ved Wergeland Eigedom AS sine lokalar på Sløvågen i Gulen kommune. Oljehaldig avløpsvatn frå verksemda skal førast til oljeutskiljar med utsleppsleidning i Fensfjorden på 15 m djupne.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom bedrifta ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i punkt 3.1 i løyvet , må bedrifta søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [3]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppspunktet har følgjande koordinatar: UTM sone 32, aust: 287068, nord: 6750848.
Følgjande utsleppsgrenser gjeld for utslepp av prosessavløpsvatn frå anlegget:

Tabell 1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar, jf. punkt 11.2

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrenser	Gjeld frå
Oljeutskiljar	Olje > C10-C40	20 mg/l	Dags dato

Oljeutskiljare skal vere dimensjonert etter den vassmengda den skal ta i mot og det skal føreligge tilstrekkelege rutinar for tømming, drift og vedlikehald. Oljen som blir skylt ut er farleg avfall og skal leverast til lovleg mottak.

Bedrifta skal ikkje anvende vaskemiddel eller kjemikal som hindrar oljeutskiljaren si funksjon som reinseløysing.

Eventuelt boreavfall kan vere radioaktivt. Vi minner om at de må kontakte strålevernet dersom de vurderer at utsleppa kan vere radioaktivt.

[3] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

Statsforvaltaren vil på bakgrunn av ny kunnskap eller ny teknologi kunne fastsette strengare grenser og/eller krav om målingar.

3.1.1 Utgreiing av punktutslepp til vatn

Vatn etter oljeutskiljaren vil kunne innehalde mindre delar av prioriterte stoffar, jf. vedlegg 1. Bedrifta skal difor måle innhaldet av følgjande stoff i utsleppsvatnet etter oljeutskiljar:

- Olje i vatn (>C10-C40)
- Suspendert stoff
- Tungmetall (Pb, Cd, Cu, Hg, Ni, Zn, As, Cr)
- PFAS
- Benzen
- PAH16
- PCB_7

Ved planlegging av prøvetakinga må Wergeland Eigedom AS vurdere om vask av ulike typar utstyr kan gje ulike typar forureining. Analysane skal utførast på ufiltrerte prøvar, men for tungmetall skal analysane utførast både på ufiltrerte òg filtrerte prøvar. Det skal tas **minst ein prøve per månad**. Resultata, saman med ein vurdering av risiko for miljøet med dei målte utsleppa, skal sendast til Statsforvaltaren innan **1. juni 2024**.

På bakgrunn av resultata vil vi vurdere om det er behov for særskild regulering, jamleg overvaking og rapportering av utsleppa.

3.1.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområder og område for lossing/lasting som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå vaskeplassar, verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrensene fastsett i punkt 3.1 blir haldne.

3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Fensfjorden på 15 m djupne.
Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, til dømes gjennom bruk av diffusor, røyrutforming, utsleppshastigheit.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sitt sjøområde, krev løyve av den kommunen der tiltaket skal setjast i verk, jf. hamne- og farvasslova[4].

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

[4] Jf. lov om havner og farvann av 17.04.2009 nr. 19 § 27

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå bedrifta.

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedrifta innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakt.

4 Utslepp til luft

Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft. Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft som er av miljømessig betydning. Utslepp skal heller ikkje medføre ulemper på grunn av støv eller luktplager i omgivnadene. Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[5], og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22[6].

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

[5] Jf. forurensningsforskriften kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
[6] Jf. forurensningsforskriften kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.[7]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket[8] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 2: Støygrenser ved ulike tidspunkt i veka

Måndag-fredag	Kveld måndag-fredag	Laurdag	Søn-/helgadagar	Natt	Natt
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	50 L_{den}	50 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} angir A-veiet gjennomsnittsnivå for døgn (dag-kveld-natt / day-evening-night) med straffetillegg på 5 dB på kveld og 10 dB på natt. **L_{den}** midles over ett døgn.

$L_{evening}$ er A-veiet ekvivalentnivå for kveldsperioden kl. 19-23.

L_{night} er A-veiet ekvivalentnivå for 8-timersperioden fra kl. 23- 07.

L_{AFmax}, som er gjennomsnittlig A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Bedrifta skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing for i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

[7] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a
[8] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Bedrifta pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova9.

For materiale som blir nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Bedrifta skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei minst like god miljøløysing.

10 Deponi for eige avfall

Bedrifta skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta plikter å kartleggje verksemda sine utslepp til vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Bedrifta skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og berekning.

Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i tabell 1 under punkt 3.1 i løyvet

[9] Sjå mellom anna avfallsforskrifen av 1.6.2004 nr. 930 og kapittel 18 i forurensningsforskriften av 1.6.2004 nr. 931.

Bedrifta skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

For utslepp av komponentar som er regulerte i tabell 1 i punkt 3.1, skal bedrifta årleg gjere ei fagleg grunngitt vurdering av utsleppsmengd. Vurderinga skal rapporterast i samsvar med punkt 11.5.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Bedrifta må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- delta i samanliknande laboratorieprøvingar (SLP) og/eller jamleg verifisere analysar med eit eksternt, akkreditert laboratorium dersom verksemda sjølv analyserer for dei parameterane som er regulerte gjennom spesifikke grenseverdiar
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal bedrifta gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første avsnitt), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse

- dersom det er aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Måleprogrammet skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader **innan 1. juni 2024.**

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Bedrifta skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapporteringa skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking av resipienten

Bedrifta skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Bedrifta skal overvake og greie ut korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast etter vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking og skal vise korleis utslepp frå verksemda i dag og tidlegare utslepp har påverka vassførekomsten.

Bedrifta skal i samarbeid med nødvendig fagekspertise utarbeide eit overvakingsprogram og grunngi kva for element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, og korleis, og i kva for medium (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal også gå fram av programmet. Programmet skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan **1. juni 2024.**

Overvakinga skal gjennomførast av uavhengig fagekspertise i samsvar med overvakingsprogrammet. Der det er hensiktsmessig kan sjølve prøvetakinga gjennomførast av bedrifta sjølv i samråd med fagekspertisen.

Resultata frå undersøkinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Bedrifta skal presentere resultata i form av ein rapport som mellom anna gjer greie for om det er sannsynleg at bedrifta påverkar vassførekomsten.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljøs importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljøs kodeverk er å finne på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.

12.3 Felles overvakingsprogram etter vassforskrifta

Der det er overvaking i regi av Statsforvaltaren eller vassregionstyresmakt, og dersom kvalitetselement som skal undersøkast kan vere direkte eller indirekte påverka av utsleppa frå verksemda, kan kommunen bli pålagt å bidra økonomisk til et felles overvakingsprogram.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flom etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

13.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjer restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi:

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

13.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.3.4 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[10]. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter

Bedrifta skal kartleggje/gjere greie for innhald av prioriterte miljøgifter utsleppa, jf. punkt 3.1.2. Dette gjeld både punkutslepp og diffuse utslepp. Dersom slike utslepp er aktuelle, skal bedrifta utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald (konsentrasjon og mengde) av dei aktuelle prioriterte miljøgiftene i utsleppa. Dersom dette ikkje er mogleg, skal verksemda utføre berekningar eller vurdering av innhaldet på fagleg grunnlag.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdregen til ny eigar eller driftsansvaret blir overført til anna selskap, skal bedrifta sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

[10] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som alt er stilt i samsvar med løyvet løpar vidare til Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[11]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand igjen.

Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.5.

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedrifta melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.

17 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

[11] Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl

4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	**PAH**

Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	**BPA**

Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC